

US 68/09 Årsrapport 2008 frå Forskingsetisk utval – reoppnemning av medlemmar
(2009/1974)

Forskingsetisk utval vart utvida i 2007 til òg å omfatte IRIS og fekk i den samanhengen revidert mandat og samansetting. Utvalet i si noverande form leverte sin første årsrapport ved utgangen av 2008.

Som det går fram av rapporten, handsama utvalet ei klagesak i perioden. Den gjaldt rapportering av medfartarskap i dokumentunderlaget i samband med ei doktorgradsavhandling. Klagen vart avvist.

Førsteamanuensis Geir Skeie, stipendiat Berit Tjørhom og viseadm. dir. i IRIS, Martin Gjelsvik, vart oppnemnde i 2007 og funksjonstida deira er no gått ut. Direktøren vil foreslå at leiinga får i oppgåve å oppnemne erstattarar for desse etter framlegg frå dekanane.

Framlegg til vedtak:

Styret tek årsrapport 2008 frå Forskingsetisk utval til orientering. Direktøren får i samråd med rektor i oppgåve å oppnemne tre medlemmar til utvalet etter framlegg frå dekanane.

Stavanger, 03.06.2009

Per Ramvi
universitetsdirektør

Sonja Meyer
seniorrådgjevar

Vedlegg:
Årsrapport 2008 – Forskingsetisk utvalg ved Universitetet i Stavanger og IRIS AS